



**Dokumenttype:**

Reglement

**Prosess:**

Skule

**Reviderast av:**

Ingvard Andreas Flekke

**Versjon:**

[VersjonVisning]

**Godkjent av:**

Ingvard Andreas Flekke

**Godkjent dato:**

[Godkjent dato]

# VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FJALER



**GJELDANDE FRÅ 01.08.2010  
MED ENDRING FRÅ 01.01.2019  
Ny med endringar frå 01.10.2022**

*Drift av skulefritidsordning er heimla i opplæringslova § 13-7.*

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

## 1. EIGARTILHØVE

Fjaler kommune er eigar av alle kommunale skulefritidstiltak. Skulefritidsordningane vert oppretthaldne dersom det er fleire enn 5 elevar påmelde SFO.

## 2. MÅL OG INNHALD

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med forskjellig funksjonsnivå. SFO skal gjennom innhald og arbeidsmåtar legge til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. (Rammeplan §3.1)

SFO er ein del av skulen si samla verksemd, og ein skal arbeide for heilskap og samanheng mellom skule, fritidsdel og barnehage der den er lokalisert til skulen. Tilsette i SFO, skule og barnehage, der det er samlokalisert, skal også sjåast i samanheng.

SFO er eit fritidstilbod, og barna skal ha reell innverknad på innhaldet i fritida si. Barna sine val skal danne grunnlaget for aktivitetane.

Den enkelte SFO kan ha ei lokal utforming og skal utarbeide eigne planar for innhald og aktivitetar. Barna har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i SFO. Kapittel 9A i opplæringslova gjeld òg for SFO, bortsett frå dei unntaka som følgjer av §9A-1.

Andre relevante lover og forskrifter er barnevernlova §6-4 og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. (Rammeplan kap. 1)

## 3. BEMANNING OG LEIING.

I regelen skal det vere 1 tilsett i SFO pr. 15 barn. Bemanninga i gruppa må likevel vurderast etter barna sine behov. Dagleg leiar har ansvar for at SFO vert drive i samsvar med målsetjinga og for den daglege drifta elles. Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret. Samarbeidsutvalet har same funksjon for SFO som for anna drift av skulen og skal m.a. fastsette eventuell foreldrebetaling til mat/ekskursjonar.

Dagleg leiar bør ha relevant høgskuleutdanning eller minimum 5 år arbeidserfaring på SFO dersom meir enn 25 barn brukar SFO. I det tilfellet vert 35% administrasjonstid utløyst

## 4. LEIKE- OG OPPHALDS-AREAL.

SFO har fast base og skal ha høve til å nytte spesialrom som gymsal, formingsrom, skulekjøkken, bibliotek og ev. barnehageområdet når desse er ledige. Skulen sitt opphalds-/leikeareal og uteområde skal nyttast av SFO i opningstida. I samsvar med rammeplanen skal nærområdet nyttast aktivt.

## 5. OPNINGS- OG OPPHALDSTID.

### Dagleg opningstid.

Innanfor ei tidsramme frå 07.00 – 16.30, må kvar skule fastsetje tenlege opningstider.

Det kan gjevast fylgjande tilbod:     *A 20 – 26 timar i veka*

*B 15 – 20 timar i veka*

*C 10 – 15 timar i veka*

*D 0 – 10 timar i veka*

Kvar skule gir informasjon om opningstida på sitt SFO-tilbod. Søknadsfrist til ordinært SFO-tilbod er 15. april.

### **Årleg opningstid:**

Opningstida gjeld i skuleåret.

Det vert gitt eit slikt ferietilbod på Dingemoen skule dersom det vert påmelding for 6 barn eller fleire:

- August 2 veker før skulestart minus eventuelle plandagar for dei tilsette. Nye 1. trinnelevar har tilbod i barnehagen fram til skulestart.
- Haustferien
- Vinterferien
- Juni 2 veker etter skuleslutt
- Opningstid i ferievekene kl. 08.00 – 15.30

Barn som elles har ordinært SFO-tilbod har prioritet dersom det er fleire søkarar til ferietilboda enn det skulen har kapasitet til å ta imot.

Bindande påmelding til ferietilbod er 20. april for sommarferie og 1 måned før haust- og vinterferie. Påmeldinga gjeld for heile veker/heile enkeltdagar.

## **6. OPPTAKSKRITERIUM, OPPTAKSMYNDE OG OPPSEIING.**

Alle barn i 1. – 4. trinn kan søkje om plass i SFO. Barn med særskilde behov i 5. – 7. årstrinn kan søkje om plass. Dersom skulen der barnet er elev ikkje har skulefritidsordning, kan barnet få tilbod om SFO ved annan skule i kommunen.

Opptaket vert gjort ved den aktuelle skulen. *Føresette søkjer på elektronisk skjema.*

Det er høve til å søkje inn barn i SFO i løpet av skuleåret dersom det er ledige plassar. Barna har plass i SFO inntil dei går ut av 4. årstrinn (7. årstrinn for barn med særskilde behov), eller til plassen vert sagt opp av foreldra.

Oppseiingstida er ein måned frå den 1. i månaden.

Dersom plassen vert sagt opp etter 1. april, vert det kravd foreldrebetaling ut skuleåret.

## **7. FORELDREBETALING.**

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga.

Redusert foreldrebetaling, gjeld òg feriar.

Viser til forskrift til Opplæringslova kap. 1B.

Kommunen skal etter søknad gi reduksjon i foreldrebetalinga på 1. – 4. trinn slik at den per elev utgjer maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet.

Det er gratis kjernetid 12t/v for barn i 1. trinn. Gratis kjernetid gjeld òg i skuleferiar

For ferietilbod vert det fastsett ein veke-/dagsats. Det er ikkje syskenmoderasjon i ferien.

Syskenmoderasjon er 30% for 2. barn og 50% for 3. og fleire barn.

Dersom barnet/barna vert henta etter ordinær stenetid, må foreldra betale eit gebyr for kvar påbegynt halvtime (sjå prisbok).